

# OPERASJON

I MAGESEKKEN

## KJÆRE PASIENT

Velkommen til Avdeling for gastro- og akuttkirurgi. Dette er informasjon til deg som er operert på grunn av kreft i magesekken.


## OPERASJON AV MAGESEKK

Magesekken ligg mellom matrøret og tolvfingertarmen, like under den store muskelen i mellomgolvet. I magesekken samlar mat og væske seg og her startar fordøyinga.

Målet med operasjonen er å fjerne svulst eller metastasar. Operasjon av magesekk kan bli utført på ulike måtar:

1. Fjerning av heile magesekken (total gastrectomi).
2. Fjerning av delar av magesekken (ventrikkelseksjon).

**Legen vil forklare deg kva som er gjort under operasjonen.**



Illustrasjon av magesekk




Foto: [www.dreamstime.com](http://www.dreamstime.com)

## SMERTESTILLANDE

Det er vanleg å få smerter etter operasjonen. Dei fleste har nytte av paracetamol og klarer seg med det etter nokre dagar. Dei som har behov for sterkare smertestillande får resept før heimreise.

## MAT OG DRIKKE

Du kan ete vanleg mat og drikke. Du kan forvente eit vekttap etter operasjonen, men målet er at du skal oppnå stabil vekt. Det er viktig å få i seg næringsrik mat etter operasjonen. Prøv å spise ofte, små og næringsrike måltid.



[www.colorbox.com](http://www.colorbox.com)

## AKTIVITET

Det gjer godt for kroppen at du er i aktivitet etter operasjonen. Du kan vere aktiv i korte økter og kvile ofte. Fysioterapeuten vil gi deg god informasjon om øvingar som passar for deg.

## ANTIBIOTIKA

Dersom du bruker antibiotika bør du ikkje drikke alkohol, fordi det reduserer effekten av antibiotikakuren.

## HYGIENE

Du kan dusje frå tredje dag etter operasjonen. Ta alltid på ny bandasje etter du har dusja. Du må ikkje bade i badekar eller symjebasseng de første tre vekene etter operasjonen. God hygiene hindrar infeksjon.

## STING

Sting eller stiftar må takast ut tolv til fjorten dagar etter operasjonen. Dersom du er utskreven frå sjukehuset på den tida, må du sjølv avtale time hos din lege for å få fjerna sting eller stiftar.

## OPPFØLGING

Du vil få time til kontroll anten hos ein av kirurgane som opererte deg eller fastlegen. Dette får du vite meir om før utskrivning frå sjukehuset.

Vi sender brev til din fastlege der vi informerer om din sjukdom og kva som er gjort under operasjonen.

I mellomtida må du vere merksam på komplikasjonar etter operasjonen og følge anbefalingane ovanfor.



## KONTAKT LEGE

Dersom du får nokre av desse symptoma skal du kontakte lege:

- feber
- du får meir vondt
- det siv væske frå såret
- huda rundt såret blir raud

## KONTAKTINFORMASJON

Telefon ekspedisjon Kirurgisk klinikk: 55 97 28 42

Telefontid 09.00-11.00

Når du ringjer ekspedisjonen 55 97 28 42 får du fire val som fører deg til den poliklinikken du vil ha kontakt med.

Etter kl. 16.00 og i helg ta kontakt med

Avdeling for gastro- og akuttkirurgi

Sengepost 1: 55 97 34 00

Sengepost 3: 55 97 35 03

Du var innlagd ved sengepost:.....



## **KONTAKTINFORMASJON**

Kirurgisk klinikk, poliklinikk, ekspedisjon:

Telefon 55 97 28 42

Avdeling for gastro - og akuttkirurgi

Sengepost 1: Telefon 55973400

Sengepost 3: Telefon 55973503

**[www.helse-bergen.no](http://www.helse-bergen.no)**

Haukeland universitetssjukehus

Telefon: 05300